

SKYSSBÅTANE

Fram til Svelgen blei knytt til riksvegnettet med veg til Haukåa og ferje til Bjørnset i 1965, gjekk all samferdsle til og frå Svelgen med båt.

Her får du ein liten gjennomgang av nokre utvalgte.



M/B Hjelmen var eigd av Peder B. Rise. Den var mykje i bruk i 30-åra som post og frakteskøyte.

Liv og røre på Hjelmen. Legg merke til koffert og paraply.

[Høyr M/B Hjelmen med Heinmotor 10 Hk.](#)



M/B Hornelen
hav/fjordfiske,
fraktbåt Kjelkenes-
Svelgen

M/B Roald:

Kjøpt av Bremanger kraftselskap AS i 1917.

Blei nytta som bindeledd mellom Svelgen og rutebåtane på Kjelkenes til frakt av passasjerar, mjølkespann og til sjuketransport




Eigar: E.Tideman



M/B Svelgen:

Etterfølgar for MB Roald og brukt i same transport. Den hadde svært god fart for den tid å vere.

Bygd på Sandane i 1935 med ein tosylindra Heimdal-motor.



M/B Terje

Eigd av Knut K. Kjelkenes

Brukt som skyss- og rutebåt fram til 1941. Hadde turar ein gong i veka til Flora med folk som skulle handle, og kvar helg med vekependlarar som jobba på Verket. Den blei også nytta for turar til Kalvåg der kommunestyringa med lensmann, doktor og prest held til.

Tyskerane konfiskerte båten under krigen og den vart sterkt ramponert. Etter reperaturar blei den igjen brukt til skyssbåt.

M/B Brødrene: (kalla Holmaskøyta)

Brukt til fiske og frakkebåt av ymse slag. Hadde ein «22Hk Populær» motor. I Svelgen vart den brukt til skyssbåt. Under krigen gjekk den i rute Svelgen-Bremanger laurdag og søndag med arbeidarar på



Verket. Den blei også nytta til songstemne og bryllup. Under 2. verdskrig gjekk Brødrene mange turar vestover med flyktningar som skulle over til England. Ute i havet låg større båtar og

tok over transporten. Båten blei kondemnert da den gjekk på skjera «Rognane» utanfor Botnane i 1957.

M/B Vantit

Innkjøpt av Bremanger Smelteverk i 1958/59 frå Direktoratet for fientleg eigedom.



Båten fekk namnet etter råjernet som vart produsert i Svelgen på slutten av 1920-talet. Blokkene som var støypte av malm frå Rausand


inneheld vanadium og titan, derav namnet. Gjekk med 10 knop fart som var temmeleg raskt på den tida.

Båten blei nytta når Smelteverket fekk gjestar, til sjuketransport og i samband med private arrangement som bryllaup, dåp og gravferd.



Båten blei seld når veggen til Florø blei opna i 1965

1959: M/B Vantit på veg frå Svelgen til Midtgulen med 5 dåpsbarn.



1. Historia om Svelgen og Øyratunet
2. Rise bruk 3
3. Svelgen skule
4. Risegardane
5. Bustadutvikling
6. Folkets hus
7. Ungkarsmessa

8. Brakkehaugen
9. Nye huset til Peder Rise
10. Bakarhuset
11. Risebrua
12. Sjukestova
13. Villabakken
14. Bakketunet

15. Hus 4 og 5
16. Rustadtun
17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden
18. Sande og Risesaga
19. Elkem Bremanger
20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup
21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten

22. Fylkeskaia
23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken
24. Sandegardane
25. Skyssbåtane
26. Realen
27. Kapellet
28. Avslutning